



6893 VIK I SOGN

Telefon :57 69 85 80

E-post :post@bystol.no

Føret.nr. :928 919 161 MVA

Internett :www.bystol.no

Avdeling Voss

Bergliassen 2,

5700 VOSS

Bystøl AS
Bergliassen 2
5700 Voss

NVE –Miljøtilsyn
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår dato: 03.07.2025

Søknad om planendring Kreppingdalen kraftverk, Hjelmeland kommune, Rogaland fylke.



Utarbeida av / sign.: Øystein Bryn	Kontrollert av / sign.: Trine Ø. Småbrekke	
 Bystøl AS	Bystøl AS Tlf: 57 69 85 80	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

Framsida: Google Streetview foto av tiltaksområdet.

Innleiing:

Viser til konsesjon for Kreppingdalen kraftverk datert 20.12.2016 (NVE ref. 201300215-26) og godkjent detaljplan datert 20.06.2024 (NVE ref: 202317442-11). /1.

Etter nærare gjennomgang av prosjektet vert det etter vannressursloven, jf. § 8, søkt om løyve til fylgjande endringar i høve godkjent detaljplan:

- 1) Flytte kraftstasjon frå godkjent plassering i dagen inn i fjell.
- 2) Endring av vassveg: Frå borehol i heile lengda til tilkomsttunnel m/utløpskanal, stasjonshall i fjell og borehol opp til inntak.
- 3) Revidert plan for bruk av overskotsmassar.

Nødvendig opplysninger om tiltaket går fram av vidare utredning.

Samandrag:

Etter en gjennomgang av prosjektet og oppdaterte kostnadsestimat/alternativ for utførelse, vert det herved søkt om å flytte kraftstasjon frå godkjent plassering i dagen og inn i fjell. Vassveg vert søkt endra frå borehol i heile lengda til ein om lag 1000m tilkomsttunnel med tverrsnitt på ca. 20m² kombinert med utløpskanal inn til stasjonshall. Vidare borehol (Ø610mm) i lengde ca. 808m opp til inntak. Total prosjektert lengde vassveg er 1808m. Denne trasèen samsvarer med vassveg i konsesjon, men der var det planlagt borehol i start og ende av vassveg og ei mindre strekning med grøft imellom.

Omsøkt alternativ vil medføre behov for å handtere større mengder overskotsmassar frå konvensjonell tunneldriving og mekanisk boring, og det vert difor nødvendig å kunne deponere/avhende massar i større grad. Plan for bruk og avhending av massar går fram i avsnitt 2.2.

Erfaringar frå andre prosjekter viser generelt at borehol over 1000m er forbunde med høgare risiko for utforutsette hendingar, som medfører forsinkelsar og auka kostnader.

Denne planendringa vil redusere utbyggingskostnaden for anlegget ved at ein har sett på alternative metoder for utførelse.

Nyare/oppdaterte prognoser syner at ein med desse endringane vil redusere totalkostnaden ved prosjektet med om lag 12 mill. NOK og samtidig auka estimert produksjon med 0,4 GWh årleg grunna redusert falltap. Saman vil dette gjere prosjektet økonomisk og teknisk meir lønsamt.

Innhald

Innleiing:	2
Samandrag:	2
1	Innledning..... 4
1.1	Om søkjaren..... 4
1.2	Bakgrunn og grunngjeving for tiltaket..... 4
2	Beskrivelse av planendringa..... 4
2.1	Hoveddata:..... 4
2.2	Teknisk plan for omsøkte endringar:..... 4
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket..... 5
2.5	Vegbygging..... 6
2.6	Kostnader..... 6
2.6	Arealbruk og eigedomsforhold..... 6
2.7	Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar..... 6
2.8	Eigedomsforhold..... 6
3	Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn..... 6
3.1	Naturfare og klimaendringar..... 6
3.2	Brukarinteresser..... 6
3.3	Samla vurdering..... 7
3.4	Samla belastning..... 7
4	Avbøtande tiltak..... 7
5	Referansar..... 7
6	Vedlegg til søknaden..... 7

1 Innledning

1.1 Om søkjaren

Locus Hydro Prosjekt AS er p.t. konsesjonseier, denne skal overføres til Kreppingdalen Kraftverk AS (org nr 921045603), som blir utbygger. Anlegget er konsesjonsbehandla og Detaljplan er godkjent. Denne søknaden er avgrensa til å omhandle endringar i høve godkjent Detaljplan.

Tema som ikkje vert berørt/endra som fylgje av omsøkte endringar, vil ikkje verta omtala her.

1.2 Bakgrunn og grunngjeving for tiltaket

Viser til godkjent detaljplan for Kreppingdalen kraftverk, datert 20.06.2024, NVE ref: 202317442-11. /1.

Etter nyare gjennomgang av prosjektet, er det sett nærare på alternative utbyggingsalternativer med mål om å redusere utbyggingskostnaden, forenkle gjennomføringsevna i projektet og gjere det meir konkurranseprega for fleire aktører.

2 Beskrivelse av planendringa

2.1 Hoveddata:

Tabellen under syner endringar i høve kva som vert omsøkt i denne plan og konsesjonsgitt/vedtak i Detaljplan

KRAFTVERK		Konsesjon/Detaljplan	Endringsøknad
Tunnel, tverrsnitt	m ²	Borehol	20
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	Ca. 1600m	Ca. 1806m/1000m

2.2 Teknisk plan for omsøkte endringar:

Slik prosjektet er planlagt utført, skildra i godkjent Detaljplan, så er dagens utbyggingskostnad målt opp imot forventa produksjon, vurdert til å vera for høg. Prosjektet søker om:

1) Flytting av kraftstasjon og endring av vassveg:

Det vert søkt om å flytte kraftstasjon inn i fjell. Plan er å etablere ny tilkomsttunnel med innslag i området kraftstasjon i godkjent detaljplan er plassert og vidare innover til ny stasjonshall, der vil ein fortsette med borhol opp til utslag i dagen ved inntak.

Tilkomsttunnel har prosjektert lengde på ca. 1000m og planlagt tunneltverrsnitt på ca.20m², tunnelen kombinerast med utløpskanal i røyr/kanal, som fører restvatn frå kraftproduksjon attende til elva, som vist på Situasjonsplan teikning 100. Tunnelen er tenkt bygd/drive med konvensjonell metode (boring/sprenging).

Frå kraftstasjonshall skal det borast mikrotunnel/sjakt med diameter Ø610mm og prosjektert lengde på ca.808m opp til utslag i inntak. I godkjent detaljplan var lagt opp til boring av mikrotunnel i heile lengda, no vert borelengde redusert, noko som gjer utførelse av borehol anvendelig for fleire tilbydarar.

Denne trasèen samsvarer godt med konsesjonsgitt trasè, men der var vassveg planlagt med borehol i start og ende og eit mellomparti med grøft.

2) Utvida plan for avhending av massar: I godkjent Detaljplan er det berekna at prosjektet vil få eit masseoverskot på om lag 3300 m³ faste masser. Dette er tenkt nytta til diverse landbrukstiltak i nærområdet, oppgradering av eksisterande og midlertidige traktorvegar, etter avtale med grunneigar. 250m³ masser er tiltenkt opparbeiding av kraftstasjonstomta. Andre overskotsmasser skal fordelast ut i eit gamalt grustak like ved kraftstasjonstomta, eit området grunneigar disponerer. Dette går fram av teikningar og beskrivelse i Detaljplan.

Omsøkte endringar i vassveg vil krevja behov for å kunne avhende eit større volum av massar, volumauken er berekna til ca. 24000m³ faste massar. Dette vil i hovedsak vera sprengstein frå tunneldriving, som det vert nødvendig å kunne deponere/avhende i større omfang enn angitt i Detaljplan.

Andel massar frå boring (finstoff/boreslam) vil forøvrig verta om lag halvert til omlag 230m³ faste massar, som ein direkte konsekvens av redusert borelengde.

Tabell som syner endring i massebalanse:

Berekna masseoverskot i planendring	Ca. 27000	[m ³]
Masseoverskot frå godkjent Detaljplan	3300	[m ³]
Auke i masseoverskot	Ca. 23 700	[m ³]

Det er utarbeida ein plan for handtering av overskotsmassar, med overordna mål om å nytta desse til gode formål internt i prosjektet slik som skildra i Detaljplan. Utover dette vil det vera behov for sprengstein som tilbakefylling og underlag for tilkomsttunnel til kraftstasjon og oppfylling i kraftstasjonshall. Resterande overskotsmassar leverast til lokalt grustak/betongblandeverk i Jøsenfjorden, ca 2,6km frå tiltaksområdet etter eigen avtale. Dette vil gje god gevinst for utbyggjar og mottaker og lokal bruk av massane.

Tabell 1:

Oversikt over estimerte mengder og planlagt avhending av overskotsmassar frå tunneldrift/boring:

Uttak av massar i prosjekt:			
	Område	Type masser	Fast volum [pfm] m³
	Tunnel	Sprengstein	20 000,0
	Borhol	Finstoff/boreslam	230,0
	Stasjonshall	Sprengstein	6 800,0
	Masseoverskot		27 000,0
Bruk av massar i prosjekt			
	Deponi godkjent i Detaljplan	Sprengstein	3 300,0
	Tilbakefylling i tilkomst tunnel	Sprengstein	2 700,0
	Tilbakefylling i stasjonshall	Sprengstein	1 000,0
	Masser til lokalt grustak/blandeverk	Sprengstein	20 000,0
	Prosjektert bruk av massar i prosjektet		27 000,0
	Massebalanse		0

Tabell 1.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordeler:

- o Skredrisiko vert redusert. Området for planlagt kraftstasjon i dagen ligg i eit området som NVE sine Temakart definerer som aktsomhetssone for steinsprang, jordras og snøskred. Dette er også omtala i Detaljplan.
- o Kraftstasjon skjult i fjell og kun synleg portal/port ved innløp til tunell. Sjå vedlegg 1 for illustrasjon.
- o Støy til omgivnadene vil verta redusert.
- o Det er samanlikna med dagens kostnadsnivå for gjennomføring som skildra i Detaljplan og samanlikna med endringar omsøkt i denne plan, som viser ein tydeleg kostnadsreduksjon på om lag. 12MNOK Etablering av tilløpstunnelen gjer at tunnelen kan utførast med konvensjonelt utstyr, som er konkurransedyktig på pris og kan utførast av fleire aktørar.
- o Ein sit på blanda erfaringar frå borehol med lengde over 1000m, der ein ser at desse er forbude med større risiko for utforutsette hendingar på utstyr, som medfører forseinkingar og kostnadsauke. Dette spesielt i siste fase i borelengda.
- o Opnar opp for at fleire aktørar kan utføre arbeida og oppdraget vert dermed meir konkurranseprega.
- o Forutsigbarheit, ved bruk av kjente metoder og meir erfaring med tunneldriving.
- o Bruk av overskotsmassar til lokale samfunnsnyttige tiltak.
- o Mindre framtidige vedlikehaldskostnader på bygning enn ved stasjon dagen.
- o Ferdig anlegg vil bli mindre synlig, da vi ikke bygger kraftstasjon i dagen, som erstattes kun av en portal inn i fjellet.

Ulemper:

- o Løysinga krev sikring av fjell i tilkomsttunnel/portal og stasjonshall.
- o Risiko for varierende fjellkvalitet, og auka kostnader for sikring.
- o Betongmengde for stasjonshall vil vera høgare enn for stasjon i dagen. Dette vert delvis kompensert for at ein ikkje treng overbygg for stasjon i fjellhall.
- o Auka behov for massetransport og avhending av overskotsmassar.
- o Borehol kryssar elva i øvre ende, i dette området vil ein få mindre overdekning til fjellet for ufora borhol.
- o Kostnader kring brann og rømningskonsept frå stasjonshall, ventilasjon.

2.5 Vegbygging

Utover det som allereie er godkjent i Detaljplan vil det kun vera behov for å gjere mindre justeringar på veg til tilkomsttunnel og forlengje denne med om lag 50m. Sjå teikning 100.

2.6 Kostnader

Nyare/oppdaterte tilbod syner at ein med skisserte endringar vil redusere totalkostnaden ved prosjektet med om lag 12 mill. NOK og samtidig auka estimert produksjon med 0,4 GWh årleg grunna redusert falltap i vassveg. Saman vil dette gjere prosjektet økonomisk og teknisk meir lønsamt.

Tabellen syner kostnadsoverslag/budsjettpriser pr. 2025 i mill NOK for alternativ godkjent i Detaljplan og med omsøkte endringar.

		Godkjent Detaljplan	Ved planedring
Estimert årleg produksjon	GWh	8,1	8,5
Totaltkostnad utbygging	mill.kr	83	71
Utbyggingskostnad	Kr/kWh	10,2	8,38

2.6 Arealbruk og eigedomsforhold

Endringane vil medføre ei mindre justering av arealbruk og forlenging av veg fram til tunnelportal, viser til Situasjonsplan teikning 100 og arealbruksplan teikning 105. Området ved godkjent kraftstasjonsbygg vert omgjort til lagerplass/parkering. Områda som er angitt som disponibele/midlertidige vert tilbakeført etter anleggstida.

2.7 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar

Planendringen medfører ingen endring i forholdet til offentlige planer og nasjonale føringar. Beskriving av tiltaket sin status i forhold til:

Kommuneplanar

Hjelmeland kommune har godkjent søknad om dispensasjon frå arealføremålet for tiltaket slik det er skildra i godkjent detaljplan. Utbyggjar vil sende revidert søknad for å avklare justert arealbruk for planlagte endringar i prosjektet.

Forureingslova: Konesjonær har avklaring med Statsforvalteren i Rogaland at planlagt tunneldrift ikkje krev utleppstillatelse etter forureiningslova. Sjå vedlegg 2.

Kulturminnelova: Det vil verta avklart med Rogaland fylkeskommune om nytt areal til utbygging vil kunne vera i konflikt med automatisk freda eller verneverdige kulturminner. Det er på førehand kontrollert opp imot kartløyisinga Kulturminnesøk, utan nye funn. Tiltaket vert i så fall tilpassa dette.

Friluftsliv/ferdsel: Endringa påverkar ikkje dette.

2.8 Eigedomsforhold

Det er inngått grunneigaravtaler med dei berørte av utbygginga, som er lagt ved innsendt og godkjent Detaljplan. Det er same grunneigarar som vert råka av endringane i denne plan. Justerte avtaler vil verta revidert i samråd mellom konsesjonær og grunneigar.

3 Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn

Synlig endring fra godkjent detaljplan er at kraftstasjon i dagen vert flytta i fjell. Det vil vera behov for å etablere ny portal/port ved innløp til kraftstasjon som vil verta synleg i dagen. Arealbruk i høve godkjent Detaljplan vil verta justert i mindre grad, som vist på Arealbruksplan tegning 105.

3.1 Naturfare og klimaendringar

Skredrisiko redusert, som omtalt i punkt 2.4. Ellers ingen endringar.

3.2 Brukarinteresser

Ingen endring av betydning.

3.3 Samla vurdering

Samla vurdering av planendringen i forhold godkjent alternativ i detaljplan, er for landskap og brukerinteresser sett som positivt.

3.4 Samla belastning

Samla belastning og endringane som er omsøkt er vurdert til å ha begrensa/liten betydning og vert ikkje omtala vidare. Me vurderer dei omsøkte endringane til å vera dekkjande for utredning gjort i konsesjon/Detaljplanfase.

4 Avbøtande tiltak

I vedtak til Detaljplan var eit avbøtande tiltak at det skulle takast omsyn til hekketid for «art unntatt offentlighet» ved støyande arbeid. Temaet er på ny teke opp med Statsforvaltaren i Rogaland, der reviderte planar er lagt fram.

Statsforvaltaren har uttalt at det ikkje trengst å takst særlege omsyn i hekkeperioden for tunnelarbeidet, ref. vedlegg 2. Utbyggjar planlegg å setja opp lyttepost til våren for å kontrollere for aktivitet i området.

Ellers er ingen nye avbøtande tiltak planlagt, i høve kva som er omtala i Detaljplan.

5 Referansar

/1: NVE: Kreppingdalen Kraftverk: <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak/?id=7017&type=V-1>

6 Vedlegg til søknaden

1. Teikningar og illustrasjon
2. Avklaringer Statsforvalteren i Rogaland.

Med venleg helsing


Bystøl AS



v/ Øystein Bryn

e-post: oystein@bystol.no

Tlf: 997 05 631





Vår dato:

24.06.2025

Vår ref:

2015/8856

Deres dato:

20.05.2025

Blåfall AS

Att. Øistein Mathisen

Kontakt saksbehandler

Annette Fosså, 51 56 89 20

Avklaring konsesjonsvilkår - Hjelmeland - Kreppingdalen vannkraftverk

Vi viser til deres e-post av 20.05.2025. Blåfall AS skal gå bort ifra tidligere planer om å sprengte/grave ned rørgaten til Kreppingdalen kraftverk i terreng opp til inntaket. Dere vil nå borre rørgaten fra stasjonen inne i fjellet og opp til inntaket, og viser i den forbindelse til følgende vilkår for godkjenning av detaljplan for miljø og landskap:

«Støyende anleggsarbeid kan ikke gjennomføres i hekkeperioden (01.02-31.07). Konsesjonær må ta kontakt med Statsforvalteren i Rogaland for å avklare forholdet til art unntatt offentlighet for å avklare om viktige deler av anleggsarbeid kan gjennomføres i perioden 01.02-31.-07 i de årene anleggsarbeidene pågår. NVE skal orienteres.»

Dere ber i den forbindelse om aksept for at arbeid inne i fjellet, som ifølge dere vil fremstå som tilnærmet lydløst, kan aksepteres gjennomført uten stopp i byggeperioden. Dere skriver ingenting om når anleggsarbeidet planlegges å starte opp, varigheten av de ulike tiltakene eller om det fortsatt vil være behov for helikopterflyging i denne perioden.

Statsforvalteren har for lite kunnskap om den truede artens bruk av området i dag. Etableringen av Kreppingdalen kraftverk vil føre til økt trafikk og aktivitet i området i anleggsperioden, noe som er svært uheldig om man starter opp i begynnelsen av artens hekkeperiode. Dette vil kunne føre til at arten avbryter påbegynt hekking. Vi kan imidlertid akseptere at arbeider inne i fjellet fortsetter utover i hekketiden dersom de påbegynnes allerede i august, slik som påpekt i brev av 25.10.2024. Dersom det fortsatt gjenstår støyende arbeider «i dagen» ved kraftstasjonsområdet ved nyttår, forutsettes det at det da benyttes telt over boremaskin for å begrense støy. Vi vurderer ellers som nevnt i tidligere høringsuttalelse at helikopterflyging i området skal unngås i sin helhet i hekkeperioden for arten.

Vi ber ellers om at NVE kontaktes for å avklare om aktuelle endringer av tiltaket kan gjennomføres innenfor rammene godkjent i detaljplan for miljø og landskap.



Med hilsen

Ørjan Simonsen (e.f.)
ass. fylkesmiljøvernsjef

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstuen

0301 Oslo



BLÅFALL AS
Parkveien 33B
0258 OSLO

Kontakt saksbehandler
Elise Rustad, 51 56 87 36

Avklaring om behov for tillatelse etter forurensningsloven - Avfall - Hjelmeland - Kreppingdalen kraftverk - anlegg i fjell - uttak større steinmasser - bygging vannkraftverk

Vi viser til anmodning om avklaring om tillatelse etter forurensningsloven datert 21.05.2025, i forbindelse med bygging av Kreppingdalen kraftverk i Hjelmeland kommune.

Det er opplyst at kraftstasjonen skal etableres inne i fjellet, og at dette innebærer sprengningsarbeid for å etablere stasjonens plassering samt boring opp til inntaket. I den forbindelse vil det bli uttak av betydelige steinmasser. Det bes derfor om en avklaring på om dette arbeidet utløser krav om tillatelse etter forurensningsloven.

Etter forurensningsloven er forurensning fra midlertidig anleggsvirksomhet som anses som vanlig tillatt uten særskilt tillatelse. Dersom tiltaket medfører forurensning som kan ha negativ påvirkning på miljøet, kreves det imidlertid særskilt tillatelse etter lovens § 11.

Bearbeiding av steinmassene kan være omfattet av forurensningsforskriftens kapittel 30. Vi gjør oppmerksom på at det foreligger meldeplikt i henhold til § 30-11, og at det derfor må sendes inn meldeskjema til Statsforvalteren i god tid før oppstart. Skjemaet finner dere på Statsforvalterens nettsider under *Miljø og klima > Skjema*.

Ta gjerne kontakt dersom dere har spørsmål eller behov for ytterligere avklaringer.

Med hilsen

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)
fagleder forurensing

Elise Rustad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Hjelmland kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Vågavegen 116

Postboks 5091 Majorstuen

4130

0301

Hjelmland

Oslo